

INNLEIING.....	2
ORGANISASJON	4
ORDFØRAREN	5
Kraftpolitikk.....	5
Samferdsel og kommunikasjon.....	6
Fjellregion- og distriktpolitikk.....	6
Lokalsamfunnsutvikling, kultur og omdøme.....	7
RÅDMANNEN.....	9
Samfunn	9
ØKONOMI	11
Vinje samanlikna med andre.....	11
Verksemda	18
SAMFUNN OG LIVSKVALITET.....	22
Folketalsutvikling.....	23
Bustadbygging.....	24
Livskvalitet.....	24
SERVICE.....	26
Informasjon	26
Tenestetorget.....	27
MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJONEN	29
Personalpolitikk.....	30
Sjukefråver	31
Tillitsvalde	32
PLAN OG UTVIKLING.....	33
NÆRING.....	34
Næringskontoret	34
SKULE	35
BARNEHAGE.....	38
HELSE OG OMSORG	40
Vinje helse	40
Vinje sjukeheim	41
Vinje heimetenester.....	42
Vinje kjøkendrift.....	43
TEKNISK DRIFT.....	44
Drift – og vedlikehald	44
Reinhald	45
Kart- og oppmåling.....	45
KULTUR.....	46
VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD	49

INNLEIING

Rådmannens kommentarar

Årsmeldinga er ein del av årsrekneskapen. Den skal gje ei kort skildring av hovudaktivitetane i kommunen gjennom året. Meldinga vil også ha ein del KOSTRA-tal som kan gje eit bilete av drifta i kommunen samanlikna med andre kommunar og landet elles.

2008 har vore eit godt, men krevjande driftsår for Vinje kommune og kommunen har vore prega av høg aktivitet.

Vinje kommune fekk Amnestyprisen i 2008 for vellykka integrering av flyktningar. Kommunen har gjort ei evaluering av flyktningearbeidet og gjort vedtak om å taka imot nye flyktningar i 2009. Prisen har ført til mykje positiv merksemd om kommunen og har vore med å på å gje kommune godt omdøme.

Kommunen har i mange år vore prega av nedgang i folketalet og rådmannen skreiv i årsmeldinga for 2007 at ødet er eit paradoks at sjølv med så høg aktivitet i kommunen går folketalet jamt og trutt nedover. Men ved utgangen av 2008 opplevde kommunen ei auke i folketalet. Om det berre er eit blaff er for tidleg å seia, men rådmannen vel å tru at det er resultatet av den aktivitetsauka som har vore i kommunen de seiste åra.

Vinje kommune har lenge hatt høg aktivitet i hyttebygginga. Da finanskrisa slo inn hausten 2008 skulle ein tru det blei stopp. Men slik har det ikkje vore. Aktiviteten er dempa noko, men framleis blir det selt godt med tomter og nybygde hytter og leiligheter. Dei bustadfelte kommunen har lagt ut er og i ferd med å bli fylt opp. Dette gjev store positive ringverknader i lokalsamfunnet. Sentra i Rauland og i Haukeli er styrka og det er vedteke planar for utbygging av det regionale handelssenteret i Åmot. Kommunen har sett det som viktig å styrke infrastrukturen i alle deler av kommunen, men utvidinga av handelssenteret i Åmot har vore ei særskild krevjande sak både politisk og administrativt.

Kommunen har store inntekter frå kraftproduksjonen og større handlefridom enn mange andre kommunar, men skatteinngangen kunne vore betre i 2008. God kommuneøkonomi gjer at krava og forventningane frå innbyggjarane aukar på alle område. Vi ser nå at veksten i kommuneøkonomien vil flate ut og kommunen må derfor vera varsam med å legge seg på eit så høgt driftsnivå at det blir umogeleg å møte hardare tider. Det vil ikkje lenger vera slik at alle problem kan løysast ved at det vert løyvd meir pengar.

Kommunens organisasjon er i stadig omstiling. Nedgangen i privat sektor hausten 2008 gjorde det lettare for kommunen å skaffe fagfolk. Den auka aktiviteten i kommunen har gjort at det er blitt fleire tilsette i kommunen. Sjølv om den høge aktiviteten vil halde fram er det ikkje økonomisk mogeleg å auke talet på tilsette ytterlegare.

Samanlikna med andre kommunane har Vinje eit særskild godt tenestetilbod. Sjølv om økonomien ikkje vil halda fram med å vekse vil kommunen framleis ha eit godt tilbod

Dei låge straumprisane i Vinje gjer det lite lønsamt å satse på alternative energikjelder i offentlege bygg, bustader og hytter. Med meir fokus på klimaproblem og ulempene ved auka energibruk er dette eit område kommunen må arbeide med i tida framover. Det er sett i gong arbeid med å lage ny energiplan og kommunestyret har vedtatt å bruke 2 øre av straumprisen til eit energiøkonomiseringsfond. Dette fondet har vore bruka til kommunale bygg, private verksemdar og private husstandar. Det har vore stor etterspurnad etter desse midlane og dei blei fort bruka opp.

Vinje kommune deltek i fleire internasjonale prosjekt og dette arbeidet gjer kommunen nyttige impulsar til å arbeide for ein nasjonal fjellpolitikk. Fjellkommunane i Noreg har problem som gjer det naudsynt å arbeide tett

saman. Fjellregionsamarbeidet er nå meir formalisert og ein har fått eit godt samarbeid med regjeringa om den framtidige utforminga av fjellpolitikken. Det er sett i gong eit omfattande planarbeid rundt Hardangervidda Nasjonalpark og dette arbeidet er viktig med tanke på å legge grunnlag for ei god busetting og næringsutvikling i fjellområda. Vinje kommune blei i 2008 nasjonalparkkommune som gjer at kommunen blir med i eit nettverk rundt utviklinga av nasjonalparkar.

Utfordringane står i kø, men Vinje kommune er klar til å møte framtida!



ORGANISASJON

Rådmann
Hans Kristian Lehmann



Assisterende rådmann
Sissel Jacobsen Bitustøyl



Plan- og økonomisjef
Jan Myrekrok
Økonomi, plan og utvikling



Organisasjonssjef
Aud Groven
Organisasjon,



Tenestetorgsjef
Eystein Matheussen
Tenestetorget



Kultursjef
Signe Marie Kittelsaa
Kultur



Reinholdssjef
Gunn Brox Lauritzen
Reinhold og tekstil



Næringsjef
Toril Nicolaisen
Næringskontoret



Barnehagesjef
Heidi Rønningen
Rauland barnehage



Oppvekstsjef
Sindre Hestdalen
Øyffell oppvekstsenter



Oppvekstsjef
Knut Krossbakken
Vinje oppvekstsenter



Skulesjef
Unni Hansen
Rauland skule



Skulesjef
Anne Margrethe Bjåen
Edland skule



Skulesjef
Anders Sandvik
Åmot skule



Barnehagesjef
Katrine Grindalen
Edland barnehage



Barnehagesjef
Gerd Lyngstad Kroken
Hakkespetta barnehage



Institusjonssjef
Kari Dalen
Vinje sjukeheim



Omsorgssjef
Alv Dag Brandal
Vinje heimetenester



Helsesjef
Ann Wraa
Vinje helse



Kjøkensjef
Torgrim Thomassen
Vinje kjøkendrift



Teknisk sjef
John Kleiv
Teknisk drift og vedlikehold

ORDFØRAREN

DET POLITISKE ÅRET

2008 har alt fått plass i saga som året då den globale finanskrisa braut laus. Følgjene for realøkonomien av samanbrotet i sentrale amerikanske finansieringsselskap kjem jamvel me i Vinje til å slite med i åra som kjem.

Dei seinare åra har politikarane her i kommunen hatt ein etter måten god økonomisk handlefridom. Skatteinngangen har gjort det mogleg å vidareføre det høge nivået på den kommunale tenesteytinga, samstundes som det har vori rom til å investere i gode løysingar for framtida. Det er framfor alt omsetjinga av fritidseigedomar og dei stadig stigande energiprisane som har vori grunnlag for inntektene til kommunen. Når konjunkturane no peikar nedover, får det følgjer både for eigedomsmarknaden og etterspurnaden etter kraft, og dermed for inntektene til Vinje kommune. Tida vil vise kor langvarig og djupt tilbakeslaget blir, men me gjer alle klokt i å bu oss på at dei feitaste åra no er over.

Kommunestyret har alt teki inn over seg at dei framtidige driftsutgiftene kjem til å bli større enn inntektene, dersom ikkje noko blir gjort. Derfor har rådmannen fengi i oppdrag å gå gjennom alle sidene ved drifta for å sjå kvar det er mogleg å redusere utgiftene – i fyrste rekkje utan at det skal gjeva innbyggjarane eit ringare tenestetilbod. Oppdraget blei gjevi som ein del av budsjettvedtaket i desember 2008.

Trass i dei myrke skyene som drog seg til på den økonomiske himmelen, vonar eg at 2008 i Vinje like mykje skal bli ståande som året då nedgangen i folketalet vårt snudde. Så optimistisk må ein ha lov til å vera, når det var 27 fleire innbyggjarar i kommunen då året slutta enn då det tok til! Det kan sjølv sagt ha vori eit blaff, og det kan framfor alt ha mange årsaker. Men dette året har me sett fleire døme på at Vinje blir lagt merke til på ein positiv måte langt utanfor kommunegrensene. Verdien av godt omdøme er særdeles viktig for ein kommune, og heldigvis er dette ein verdi som ikkje blir påverka av kursfallet på børsane.

Som før i årsmeldinga er det nedanfor gjort greie for kva som har skjedd innafor nokre sentrale politiske saksfelt. Sume av sakene er òg omtala i andre delar av årsmeldinga, særleg i meldinga frå rådmannen.

Kraftpolitikk

Inntektene som har utspring i kraftproduksjonen i Vinje (skattar, konsesjonsavgifter og sal av konsesjonskraft) utgjorde i 2008 38 % av kommunens samla inntekter. Samstundes har vasskraftutbygginga sterkt påverka naturlandskapet og bruken av det. Kraftpolitikken vil derfor jamt vera eit høgt prioritert felt i kommunen. Dette er nokre av hovudsakene i 2008:

- Arbeidet med vilkårsrevisjonen for Tokke-Vinjevassdraget held fram som eit samarbeid mellom Tokke og Vinje på den eine sida og Statkraft på den andre. Frå kommunane blir prosessen leia av det felles kraftutvalet (sjå årsmeldinga 2007). Det er dessutan ei administrativ arbeidsgruppe i gong, og Helge Kiland, Faun forvalting, er tilsett som sekretær. Det er haldi to folkemøte i Vinje om prosessen i 2008. Ordførar Arne Vinje og LVK-leiar Børre Rønningen er dessutan med i ei arbeidsgruppe for revisjonssaker som LVK har sett ned.
- Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har opna for handsaming av Øst-Telemarkens Brukseierforenings (ØTB) søknad om ny konsesjon for reguleringa av Møsvatn. I innstillinga til Olje- og energidepartementet (OED) kom NVE Vinje kommune langt på veg i møte når det gjeld krava til manøvreringsreglement,

men hadde eit anna syn på storleiken av det næringsfondet kommunen kravde. Tinn og Vinje arbeider etter dette opp mot OED.

- Ordførar Arne Vinje har vori med i utvalet oppnemnt av Fellesfondet som sidan 2005 har tinga med Telemark fylkeskommune om ei ny avtale om konsesjonskraft. Partane lykkast i å koma fram til semje 19. desember. Dersom dei 8 kommunane i Øvre Telemark og fylkeskommunen vedtek den framforhandla avtala, vil ho gjelde frå 1. januar 2011.
- Det har vori stor etterspurnad etter tilskot frå det kommunale energifondet, finansiert av 2 øre/kWh på straumprisen. Fondet gjev støtte både til verksemder og private heimar i samband med energisparetiltak og bruk av alternativ energi.

Samferdsel og kommunikasjon

For innbyggjarane og næringslivet i ein kommune som rett nok ligg sentralt i Sør-Noreg, men langt frå større byar og tettstader, er det viktig å redusere ulempene som følgjer av avstandane. Gode vegsamband er såleis ein føresetnad for samfunnsutviklinga i Vinje. Også når det gjeld elektronisk kommunikasjon (breiband) og telefoni, må distriktskommunane ha minst like gode tilbod som sentrale strom. For Vinje har det i tillegg vori naturleg å satse sterkt på å få sett ut i livet dei stadig meir realistiske planane om ein høgfartsbane over Haukeli.

- Gjennom eit systematisk arbeid i styret for AS Haukelivegen og i Arbeidsgruppa for E134/riksveg 36 (sjå årsmeldinga for 2006), stod kommunane og Telemark fylkeskommune saman om ei satsing på desse stamvegane i samband med rulleringa av Nasjonal transportplan (NTP). I framlegget til ny NTP frå Vegdirektoratet var det ikkje lagt inn større investeringar i Telemark. Finanskrisa førde til at regjeringa utsette den varsla proposisjonen, og signaliserte samstundes ein vesentleg auke i rammene både for investeringar og vedlikehald, som del av tiltaka mot arbeidsløyse.
- Kommunane Odda og Vinje vedtok kommunedelplanar i tilknytning til dei planlagde nye tunnelane på E134 mellom Vågsli i aust og Seljestad i vest. No er det politisk prioritering (NTP) og finansiering som stend att.
- Ei større aksjeutviding (sjå årsmeldinga for 2007) gav Norsk Bane AS (der Vinje kommune er ein av dei største eigarane) ressursar til å engasjere det tyske selskapet Deutsche Bahn til å gjennomføre ei grundig teknisk og økonomisk utgreiing av eit norsk høgfartsbanenett. Førbelts resultat indikerer at strekninga aust – vest over Haukeli vil gjeva stor samfunnsnytte i høve til kostnadene.
- Vinje kommune og Televerket samarbeider vidare om å byggje ut sendarar for mobiltelefoni. I 2008 blei den nye sendaren på Argehovda på Møsstrand sett i drift.
- I samband med at så å seia heile Telemark no har tilbod om breiband, deltok statsråd Heidi Grande Røys i ei markering på Haukelisetter 16. september.

Fjellregion- og distriktpolitikk

Som det gjekk fram av årsmeldinga for 2007, deltek Vinje i eit såkalla fjellregionsamarbeid på tre nivå:

1. *Samarbeidet mellom Vinje, Tinn og Telemark fylkeskommune har i stor grad vori prosjektretta, men er samstundes utgangspunktet for kommunens innsats nasjonalt og på europeisk nivå. Prosjektet Hyttefolk, eit samarbeid mellom staten, Telemark fylkeskommune og fjellregionsamarbeidet mellom Tinn og Vinje, blei i 2008 avslutta med interessante funn: mange av dei såkalla fritidsinnbyggjarane melder si interesse for meir aktiv deltaking i bygdesamfunnet. Alt no ser ein fleire resultat av eit slikt engasjement, dels i Øyffjell der granskinga var gjort, og dels i andre hytteområde.*

2. *Ordførar Arne Vinje er nestleiar i Det sørnorske fjellregionsamarbeidet, som omfattar fem fylkeskommunar og ei rekkje fjellkommunar. Denne organisasjonen har i 2008 prioritert utforminga av ein nasjonal fjellpolitikk, og har gjevi viktige innspel til regjeringas arbeid med ei ny regionalmelding. På ein stor fjellkonferanse i regi av fjellregionsamarbeidet på Lillehammer i desember, deltok den politiske leiinga frå Landbruks- og matdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Miljøverndepartementet.*
3. *Organisasjonen Euromontana er dels eit forum for utveksling av røynsler mellom fjellregionar i Aust- og Vest-Europa, og dels ein pådrivar for endringar særskilt i EUs landbruks- og distriktspolitikk. Fleire representantar frå Vinje deltok på årskonferansen i Euromontana i Valais, Sveits, i oktober.*
 - Vinje kommune har òg direkte kontakt med andre kommunar og regionar i Europa. Slike kontaktar avgrensar seg til tema av felles interesse (t.d. natur- og kulturbasert reiseliv, landbruk i fjellområde, forvaltning av verneområde, skuleutveksling).
 - Etter ei omfattande høyring vedtok styringsgruppa for ny fylkesdelplan for Hardangervidda i november å sende planprogrammet til vedtak i Buskerud, Hordaland og Telemark fylkeskommunar. Siktemålet med planen er å leggje til rette for næringsutvikling tufta på ressursgrunnlaget i bygdene rundt Hardangervidda, på ein måte som respekterer og tek vare på villreinstamma. Tinn og Vinje er med i prosessen, og ordførar Arne Vinje er medlem av arbeidsutvalet. Ein tilsvarande planprosess er sett i gong for Setesdal Aust- og Vesthei og Ryfylkeheiane, der Fyresdal, Tokke og Vinje er med frå Telemark.
 - Arbeidet med forvaltingsplanen for landskapsvernområdet Brattefjell/Vindeggen held fram, etter at kommunestyra i Hjartdal, Seljord, Tinn og Vinje avviste den framforhandla planen. I eit møte med Direktoratet for naturforvaltning (DN) 15. august blei partane samde om ein vidare dialog med sikte på å etablere lokal forvaltning i området.
 - Landsstyret i Utmarkskommunanes samanslutting (USS) hadde si sommarsamling i Vinje i slutten august. USS arbeider særleg med lover og andre rammevilkår for lokal forvaltning og tilhøvet mellom bruk og vern av utmarksområde. Ordførar Arne Vinje er medlem av arbeidsutvalet i USS.
 - Ei viktig sak for USS og Vinje kommune som heller ikkje er avklara i 2008, er ny lov om motorisert ferdsle i utmark og vassdrag. Kommunen og ordføraren har engasjert seg sterkt for at denne lova skal opne for ein større grad av lokal forvaltning enn det DN la opp til i sitt lovframlegg (sjå årsmeldinga for 2007).
 - God kontakt med Stortinget er viktig i saker som dette. Stortingsrepresentant Inga Marte Thorkildsen (SV) var to gonger i Vinje i 2008 for å gjera seg kjent med kommunens interesser og synsmåtar på områda energi, miljø og naturforvaltning.

Lokalsamfunnsutvikling, kultur og omdøme

Aktive, deltakande og inkluderande innbyggjarar er avgjerande for gode og attraktive lokalsamfunn, og denne humankapitalen er Vinje kommune rik på. Kommunens ansvar for utviklinga av lokalsamfunnet gjeld framfor tilrettelegging, slik at næringslivet skal få vekstvilkår og kulturen utfalde seg.

- Kommunens satsing på å leggje til rette for ei konsentrert hytteutbygging i Vågsli og Rauland er i ferd med å gjeva klårt positive ringverknader for næringslivet i bygdene. Nye, store forretningar i Haukeli og på Rauland gjev både fastbuande og feriegjester stadig betre tilbod.
- Innbyggjarane har æra og gleda av eit aktivt og innhaldsrikt kulturliv i 2008 òg. Snoformingsfestivalen, Haukeliseterfestivalen, Pilegrimsvegen og Litteraturdagane er no blitt faste innslag på kommunens såkalla *kulturårshjul*. Mange lag og organisasjonar driv godt, og einskildpersonar gjer ein framifrå friviljug innsats

på mange felt. Øyfjell skyttarlag opna med dunder og brak ein heilt ny skjøtebane i juni, etter fleire år med massiv dugnadsinnsats og offentleg støtte.

- På SN-dagen 24. oktober var det stor feiring i Vinjehuset av at det var 20 år sidan dei fyrste somaliarane kom til Vinje. Sidan har det komi grupper frå Bosnia og Liberia. Ei intern evaluering syner at flyktingane har funni seg vel t il rette i kommunen.
- Dagen etter mottok kommunen og innbyggjarane *Amnesty-prisen* for 2008 for vellykka integreringsarbeid.
- 30. oktober vedtok kommunestyret å busetje 10 nye flyktingar i 2009, og la til at ein gjerne ser at dei kjem frå Somalia.
- På kommunestyremøtet 27. november var fylkeskultursjef Geir Berge Nordtveit og leiar av Kulturforum Telemark, Hilde Pedersen, til stades for å markere at Vinje var utnemnt til *årets kulturkommune* i Telemark. I grunngjevinga frå juryen heiter det m.a. at " i årets kulturkommune er det rike kunst- og kulturtradisjonar. Sterkt medvit om eigen kulturell identitet pregar dette lokalsamfunnet – noko som skaper tryggleik og gode vokstervilkår for openheit, mangfald og kreativitet. Gjennom sine plandokument gjev kommunen uttrykk for at kultursatsinga er eit strategisk grep for m.a. å halde fast ved særpreget som gjev oss tilknyting til og identitet frå staden der me bur". Vinje kommune blei med dette òg kandidat frå Telemark til å bli Noregs kulturkommune i 2009.
- Kommunen deltok også dette året aktivt i samarbeidet med bygdelivsmeklaren og dei hine kommunane i Vest-Telemark for å auke tilflyttinga til regionen, m.a. gjennom det årlege *Vest-Telemarktreffet* i Oslo.



RÅDMANNEN

Rådmann og assisterande rådmann utgjer rådmannstemaet i kommunen og har det overordna ansvaret for drift og utvikling av det kommunale tenestetilbodet.

Samfunn

Etter pålegg frå Staten er barnevernssamarbeidet gjort om til eit vertskommunesamarbeid. Brannsam arbeidet med feiartenesta er gjort til eit interkommunalt selskap.

Rådmannsteamet har fylgt opp viktige høyringssakar som høgskulereforma, Norsk Transportplan og nye bu-pliktsreglar.

Det er sett ned ei kommunal arbeidsgruppe med leiarar for å jobbe med konkrete strategiar for å auke buset-tinga i samarbeid med VTNU og Bygdelivsmeklaren.

Rapporten om omsorgstenestene er fylgt opp i samarbeid med Oppvekst- og velferdsutvalet. Innspel frå rap-porten er lagt inn i styringsdokumentet for omsorgstenestene, som er rullert og handsama i kommunestyret. Det er utarbeid ein bustadsosial handlingsplan, der ein har hatt mykje arbeid om plassering psykiatribustader.

Møsstrond skule er selt til næringsverksemd.

Møsvasskonsesjonen er endeleg handsama i NVE. Kommunestyret har uttala seg til konsesjonen og er nøgd med framlegget til manøvreringsreglement, men ynskjer eit større næringsfond. Revisjonsarbeidet for Tokke – Vinje vassdraget er i full gong og kommunen jobbar òg i høve til det nye vassdirektivet.

Arbeidet med nye alkoholpolitiske retningslinjer er sett i gong.

Rådmannsteamet har jobba mykje med spørsmål knytt til utviklinga på Åmothaugen. Dette har vore ei kompli-sert sak med mange ulike interessentar.

I tillegg til oppfylgning av ein del einingar, har det vore ein del nyttilsettingar av einingsleiarar. Det er ny reinhaldssjef, heimetenesesjef, helse-sjef og ny skulesjef på Rauland skule.

Nye eigarar på Møsstrond skule:

F.v.: Assisterande rådmann Sissel J Bitustøyl, Sophie Yatman, Philip Yatman, leiar i grendelagsstyre Jon Åkre, leiar i Møsstron bygdelag Merete Skinnarland



Mål for 2008

Måloppnåing 2008

Utarbeide konkrete strategiar for å hindre fråflytting	Det blir arbeid i leiargruppe med ulike tiltak. Bygdelivsmeklaren har orientert leiargruppa og kommunestyret om arbeidet.
Vidareutvikle dialogmøta	Dialogmøta er lagt opp med besøk av politikarar på 3 einingar same dagen. Møta blir vidareutvikla i 2009
Fylgje opp viktige høyringssaker som høgskulereforma, Norsk transportplan og nye bupliktsreglar	Administrasjonen har utarbeidd høyringsdokument til alle disse sakene.
Fylgje opp rapporten frå RO	Rapport fylgd opp i samarbeid med OVU. Gjort vedtak i samband med rullering av styringsdokumentet for omsorg. Vidare arbeid i samband med Samhandlingsreforma.
Sal av Møsstrand skule	Nye eigarar overtok sumar 2008.
Gjennomføre nye brukarundersøkingar	Ikkje gjort i 2008
Vidareutvikle heimesidene slik at dei kan nyttast til å betre dialogen med innbyggjarane	Heimsidene fekk ny lay-out.
Vidareutvikle Blaamann som ei informasjonsavis for fastbuande og hyttefolk	Gitt ut 4 gonger i år. Hytteeigarar har fått tilbod om å få den tilsendt.
Evaluere flyktningarbeid	Evaluering har vore gjort og handsama politisk, noko som førde til vedtak om mottak av fleire flyktningar.
Utarbeid planar for utbygging av omsorgsbustader	Bustadsosial plan har vore til politisk handsaming. Psykiatribustader kjem i gang i 2009 – og ein planlegg bygging av bustad for funksjonshemma.
Røntgenteneste i Vinje	Starta samarbeid og planlegging av dette med Sjukehuset Telemark.
Gjennomføre 360 graders leiarevaluering	Gjennomført våren 2008
Utarbeide seniorpolitiske retningslinjer	Desse er vedteke og blir sett i verk frå 2009
Trimkort	Det er innført trimkort med premiar for alle tilsette
Gje nye politikarar god innføring i budsjettarbeid	Det har vore gjennomført opplæring i budsjettarbeid
Revidere notatet over kraftsaker	Arbeidet har starta, men er ikkje slutført
Utarbeide energiplan for kommunen – og lage vedtekter for eit energifond	Det er vedteke retningslinjer for eit energifond – og midlar blei delt ut i 2008.
Fylgje opp interne tiltak i einingane	Det er sett inn fleire tiltak i einingar der rådmannsteamet har vore involvert.

ØKONOMI

Vinje samanlikna med andre

KOSTRA

Statistisk sentralbyrå (SSB) har utarbeidd eit nasjonalt system for å hente statistikk som kan brukast til å samanlikne kommunar direkte. Systemet blir kalla KOSTRA. I dette kapitlet blir det gjeve eit oversyn over ulike område der ein kan samanlikne Vinje med a) gjennomsnittet i Telemark, b) ei gruppe av 35 kommunar som har same type geografi og folkesetnad som Vinje og c) landet i det heile (utanom Oslo). KOSTRA seier berre i nokon grad noko om kvaliteten på dei kommunale tenestene, men mest om korleis produktivitet, prioriteringar og dekningsgrader fordelar seg. Avslutningsvis gjev vi nokre vurderingar av samanlikningane.


Kommunen har gjennom mange år rapportert til SSB på ulike fagområde. I KOSTRA er desse data samanstillt med rekneskapen. Som ved all statistikk kan det vera feil i materialet, men informasjonen er likevel god nok til å gje eit bilete på korleis vi ligg i høve til andre. Alle tal er førebels tal frå SSB. Både Vinje og andre kommunar kan innrapportere endringar av tal- og tenesterapportering fram til 15. april, men desse tala vert ikkje publisert før 15. juni.

Presentasjon av nokre nøkkeltal på ulike område

KOSTRA-materialet er omfattande, med fleire detaljnivå. I dette avsnittet blir det presentert nokre nøkkeltal for dei ulike kommunale tenesteområda.

Finansielle nøkkeltal

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Telemark</i>	<i>Landet</i>
Brutto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	4,7	2,2	-1,6	0,3
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. innbyggjar	76 590	64 757	49 001	43 206
Statleg rammeoverføring i % av brutto driftsinntekt	10,0	24,5	20,8	19,6
Langsiktig gjeld i % av inntekter	133,5	173,1	183,0	171,3
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	28,5	20,0	29,0	21,8
Netto driftsresultat i kr. per innbyggjar	8 730	1 437	-1 472	-365




Vinje har ei markert anna samansetjing av inntektene enn dei kommunane vi samanliknar oss med. Det statlege rammetilskotet er lite, målt som del av totalen, medan "Inntektsskatt" og "Eigedomsskatt" utgjer relativt meir for Vinjes del enn for andre samanliknbare kommunar. Tala syner òg at delar av kommunens kraftinntekter indirekte kjem andre kommunar til gode ved at Vinje får ein mindre del av statlege overføringar.

Systemet med rammeoverføringar frå staten tener to funksjonar: Den eine er å utgiftsutjamne, dvs tilføre kommunane inntekter i høve til ulike behov som til dømes folketal, alderssamansetnad osv. Den andre er å utjamne skatteinntekter. Den nasjonale inntektsutjammingspotten blir tildelt kommunar med låge eller gjennomsnittlege skatteinntekter pr innbyggjar, medan kommunar med dei aller største skatteinntektene, slik som Vinje, blir trekte for å gjere inntektsutjammingspotten større. Vinje kommune har skatteinntekter som ligg på 136,2% av landsgjennomsnittet, mot 137,6 % i 2007 og 155,5% i 2006. I 2008 fekk kommunen inn kr. 30.995,- i skatt per innbyggjar. Dette er høgast i Telemark og på 18. plass på landsbasis, men likevel langt unna nabokommunen Bykle som i 2008 fekk 286,6% av landsgjennomsnittet.

Prioritering av oppgåver.

Årsmeldinga syner at kommunen har eit godt servicetilbod på nær sagt alle felt i høve til andre. Likevel er det interessant korleis kommunar prioriterer dei ulike sektorane i høve til kvarandre, og å sjå utviklinga frå førre årsmelding.



Vinje skil seg mindre og mindre frå andre kommunar i utgiftsfordelinga. Kommunen ligg over andre på kommunehelse, næringsarbeid, planlegging og tekniske tenester (Anna). Kraftinntekter vert nytta til å finansiere dei tre sistnemnte områda. Dette er inntekter dei fleste andre kommunane ikkje har, og dei har derfor ikkje eit økonomisk grunnlag for så omfattande aktivitet og ei godt utbyggt og desentralisert helseteneste.

Eit anna moment å leggje vekt på når det gjeld ressursbruken, er at kommunen på fleire område yter tenester til langt fleire enn egne innbyggjarar, pga reiseliv og hyttegjester.

Fellesutgifter og administrasjon er redusert med 4,1 prosentpoeng siste tre åra. Under "Anna" finn ein tenester som bustader, planlegging, kulturminne, natur, nærmiljø, brann og ulukkesvern. Høge driftskostnader på vatn, avløp og fysisk planlegging er medverkande årsaker til at Vinje ligg høgt her.


Ut frå KOSTRA-tala kan ein i korte trekk oppsummere stoda slik:

Tenestetilbodet i Vinje er framleis godt, og på mange måtar ressurskrevjande i høve til andre kommunar. At ressursbruken er såpass høg på ein del område, må ein sjå i samanheng med at det er valt ein desentralisert struktur på fleire område. Brukarbetaling på VAR-tenestene (vatn, avløp og renovasjon) er ikkje lenger lågare enn i kommunar flest, og ein kan merkje seg at Vinje framleis brukar mindre på samferdsel enn samanliknbare kommunar. Likevel ser ein at det skjer endringar i takt med svingingar i kommuneøkonomien, og at skilnadene på mange område blir mindre enn dei har vore tidlegare.


Drift

Kommunens sentrale økonomifunksjon ligg i støtteininga Økonomi, Plan og Utvikling. Her ligg budsjett, rekneskap, lønn og skatteoppkrevjaransvaret saman med anna økonomiforvaltning som innkjøp og forsikring.

Vinje kommune har dei siste fire åra hatt ei stabilt god drift med jamn betring i prosentvis overskot, og relativt stabile netto driftskostnader. Kommunen må ha eit netto driftsresultat over tid på minst 3% for å gå i balanse. Dette kjem av at resultatongrepet ikkje fangar opp alle kostnader slik det langt på veg gjer i privat sektor. Dei fulle kostnadene ved slitasje og verdireduksjon på bygningar, inventar, maskiner osv er ikkje trekte frå når netto driftsresultat blir utrekna – berre avdraga på låna. Utviklinga i netto driftsresultat dei siste fire åra går fram av figuren under. Trenden dei siste tre åra er negativ, men Vinje har det fjortande beste driftsresultatet i kommune-Noreg i 2008.




Figuren under syner korleis utgiftene fordelar seg mellom dei ulike hovudgruppene innan innsatsfaktorane i tenesteproduksjonen.



Figuren syner at løn og sosiale utgifter auka med 11,8% frå 2007 til 2008. Ein registrerer òg ein auke i dei andre innsatsfaktorane.

Oppunder 2/3 av driftsbudsjettet er bunde opp i løn og sosiale utgifter, og dette har synt seg å vere ei stabil fordeling. Dei sosiale utgiftene er i overkant av 40 millionar, men framleis lågare enn 2006. Dei reine lønsutgiftene har auka sterkt dei siste fire åra, ettersom lønsnivået i offentleg sektor har auka mykje i det seinare.



Gjeld

Oppgangen i marknadsrentene som var trenden i store deler av 2008, saman med auka opplåning, gjev seg utslag i auka renteutgifter. Auken var på 3,5 mill. Avdrag syner òg ein stor auke frå 1,948 mill. i 2007 til 6,072 mill. Den langsiktige lånegjelda (td. pensjonsforpliktelsar) auka òg siste året. Oversikta framover inkluderer budsjetterte og vedtekne, men ikkje gjennomførte, låneopptak.

Gjeldssituasjonen ved utgangen av året (1000 kr.)


2008	2009	2010	2011	2012
126 445	182 205	220 312	243 307	231 142

Vinje kommune hadde ved utgangen av 2008 ei netto lånegjeld på kr 16.593 per innbyggjar. Betalte avdrag utgjorde 1.663,- per innbyggjar.

Likviditet


Vinje kommune har gjennomgåande hatt ein betre likviditetssituasjon i 2008 samanlikna med dei tre føregåande åra. Skatteinngangen frå november saman med innbetalinga av konsesjonsavgifter i slutten av desember gjer vanlegvis denne månaden til den gunstigaste kvart år, men i 2008 kom korreksjonsoppgjeret på etterskotspliktige skattytarar i desember. Kommunen har i gjennomsnitt hatt 50 millionar meir inneståande på konto til ei kvar tid, samanlikna med 2007. Hausten er vanlegvis den tida på året då det er minst å rutte med i kommune-kassa, men hausten dei to siste åra har vore merkbar betre enn kva ein tidlegare har vore van med.

Figuren under gjev eit bilete på situasjonen siste dato i kvar måned dei siste fire åra:




Investeringane

Vinje kommune hadde i 2008 det klart høgste investeringsnivået siste fire åra. Figuren under syner finansieringsbehovet i investeringsrekneskapen siste fire år.




Bryt ein finansieringsbehovet i investeringsrekneskapen opp i hovudtal, ser ein at brutto investeringsutgifter er dominerande. Det er ekstraordinære avdrag, samt avdrag på startlån som blir ført i investeringsrekneskapen. Dette har siste to år vore på ca kr 130.000 og kjem knapt til syne i figuren. Redusert inngang av anleggsbidrag, indirekte på grunn av finanskrisa, forklarar reduksjonen i avsetningar. Figuren under illustrerer dette.




Balansen

Tabellen nedanfor syner at omløpsmidlanes del av dei samla aktiva i kommunen er om lag stabil frå 2007, etter å ha auka dei fire føregåande åra.



Fondsmidlar

Figuren under syner utvikling og status i fonda til kommunen til og med rekneskapsåret 2008. I figuren er det òg gjeve ei prognose for utviklinga framover basert på rekneskapsresultatet og økonomiplanen for 2009 – 2012. Årsaka til underbalansen i 2008 ligg i mindreinngang på anleggsbidrag i høve til budsjettert bruk av denne inntekta. Figuren under skil seg frå note 6 i rekneskapen, men er eit uttrykk for kva som er av unyttne midlar framover.



Forvaltning av overskotslikviditet

Det er ingen aktiv forvaltning av kommunens overskotslikviditet. Alle midlane har stått på konti i DnBNor gjennom heile kalenderåret, men 20 millionar vart avsett til særtilkårskonto i perioden 15.11.08 - 15.02.09 til 6,45% effektiv rente. Dette gav ein fin rentegevinst i ein marknad med fallande rente.

Verksemda

Investeringar

Det blei investert for **89,6 millionar** i anleggsmidler i 2008 mot 43,5 millionar året før. Eigenkapitalinnskot i KLP står for kr 598.000,-, medan kommunen lånte ut 1,6 mill. i startlån. Det er betala i overkant av kr 129.000 i avdrag på etablerings-/startlån, og det er gjort avsetjingar av unytta investeringar og innkomne anleggsbidrag med 15,795 mill. Avsetjinga er om lag kr 10 mill. under budsjettert beløp, og gjev eit dårlegare finansieringsgrunnlag for VA-investeringar. Samla er det såleis brukt 107,735 mill. i følgje kapitalrekneskapen for 2008. Tilsvarende tal i fjor var 94,173 mill.

Rekneskapen er dominert av mange mindre prosjekt, men av dei større investeringane kan ein nemne idrotts-hallen på Rauland på 25,6 mill., Rauland reinseanlegg 15 mill., Vågslid reinseanlegg 6,6 mill. og rassikring av Bratlandsfeltet med 4,3 mill.

Investeringsrekneskapen kjem ut med eit samla **underskot** på **kr 8.584.472,-** for 2008.

Kommunal drift

Kommunen har eit brutto overskot på 8,447 mill. i 2008. Men resultateiningane gjekk med eit meirforbruk på 5,218 mill, slik at driftsresultatet vart kr 3.228.880,-.

Neste tabell syner korleis driftsresultatet er samansett og fordelt på resultateiningar, kraftinntekter og andre postar.

Fordeling av driftsresultat 2008				
Eining:	Overskot		Underskot	
	2008	2007	2008	2007
Rådmannen	118 222	599 351		
Sosial og barnevern			329 266	
Økonomi, plan og utvikling		518 628	721 084	
Organisasjon, arkiv og IKT	100 960			21 923
Tenestetorget			838 245	1 052 778
Rauland skule		52 822	2 723 309	
Åmot skule			1 111 404	522 168
Edland skule	137 431			486 780
Øy fjell oppvekst	607 899	431 472		
Vinje oppvekst	173 012			36 987
Hakkespetta barnehage	972 528	236 497		
Rauland barnehage	665 165	298 621		
Edland barnehage		142 140	47 530	
Vinje sjukeheim			949 382	569 912
Vinje heimetenester			3 359 009	1 593 910
Vinje helse			953 137	4 205 276
Kultur	1 606 218	1 277 605		
Vinje kjøkendrift	134 513	198 655		
Teknisk drift og vedlikehold			585 896	695 632
Vinje reinhald og tekstil		737 223	195 760	
Vinje næringskontor	2 079 915	330 624		
Sum einingar	6 595 863	4 823 638	11 814 022	9 185 366
Overført frå drift til investering	4 843 969	7 781 818		
MVA Refusjon investering	5 273 206	2 958 151		
Kraftinntekter	675 653	1 614 994		
Buffer	389 000	528 197		
Skatt og statstilskot	-3 096 840	3 336 812		
Renter og avdrag m.m.	362 051	1 619 114		
Avsett/bruk av fond m.m.				
Sum andre driftsutg./inntekter	8 447 039	17 839 089		
Reknesk.res. einingane	-5 218 159	-4 361 728		
Reknesk.res. utanom einingane	8 447 039	17 839 089		
Samla rekneskapsresultat	3 228 880	13 477 361		

Rekneskapsresultatet syner at halvparten av kommunens 20 einingar gjekk med overskot i 2008. Budsjettresultatet samla for einingane gav eit underskot på vel 5,218 mill., medan det samla underskotet for einingane var 4.361 mill. i 2007. Når det gjeld rådmannsteamet er ramma deira belasta for kr. 400.000,- i prosjekteringstilskot til Fristad Eiendom.

Ein må likevel vere klår over at resultatet, som kjem fram i rekneskapan for den einiskilde eininga, inneheld det einingane har fått med seg av overskot og underskot frå tidlegare år. Rekneskapsresultatet gjev såleis ikkje utan vidare uttrykk for resultatet av "fjorårets drift". Ei eining som t.d. har store overskot kan ha samla opp dette gjennom fleire år.

Driftsresultatet utanom einingane gav eit overskot på om lag 8,447 mill. Drygt halvparten av dette gjeld overføring til kapitalrekneskapan, som ikkje vart bruka. Dette saman med høg mva-refusjon bergar eit godt driftsresultat i 2008.

Økonomisk styring – budsjettavvik

Budsjettresultatet i einingane er samla sett svekka med snaue 1 mill. frå 2007 til 2008. Nokre kommentarar til dei største avvika og endringane:

Tenestetorget:

Eininga har eit overforbruk på kr. 838.000,-, og slit framleis med ein ubalanse mellom utgifter og inntekter. Rammene til Tenestetorget vil ein måtte sjå nærare på i samband med budsjettgjennomgangen før arbeidet med neste års budsjett startar.

Økonomi, Plan og Utvikling :

Eininga har hatt eit meirforbruk på 721.000 i høve til budsjettet. Innan kart og oppmåling har ein i ei årrekke slite med ei større etterslep. Våren 2008 sette ein ut 200 kartforretningar på anbod for å kome à jour. Inntektene frå etterslepet er rekneskapsført tidlegare år, i samband med at det vart gjeve mellombelse forretningar, og meirforbruket tilsvarar kontraktssummen på anbodet. Finanskrisa medførte eit fall i driftsinntektene for eininga, som elles ville dekt underskotet.

Rauland skule:

Eininga hadde eit stort meirforbruk i 2008. Dette kan ein sjå i samanheng med eit stort sjukefråver, samt at ein måtte nytte alternative læringsarenaer for fleire av elevane. Sjukefråver og gjennomtrekk i leiinga har gjeve dårleg styring gjennom kalenderåret.

Åmot skule:

Auke i bemanning og utgifter til spesialundervisning gjer at det akkumulerte meirforbruket i eininga har auka.

Hakkespetta barnehage:

Eininga har fått tildelt ekstra statlege tilskotsmidlar, noko som gjer at overskotet vart høgt. Desse midlane er tenkt nytta til inventar og utstyr til ny avdeling, som ikkje ligg inne i byggeprosjektet.

Vinje sjukeheim:

Sjukeheimen har heller ikkje i år klart å halde ramma. Underskotet vart på 949 000 og skuldast delvis auka utgifter grunna innleige av sjukepleiarar frå vikarbyrå. Einingsleiar peikar óg på auka matutgifter. Deler av meirforbruket kan dekkast inn gjennom internrefusjon Vinje helse.

Vinje heimetenester:

Vinje heimetenester har framleis underskot på drifta. Eininga har mangla eigen einingsleiar i store deler av året og kostnadskrevjande tiltak er igangsatt utan at budsjettkonsekvensane er vurdert. Eininga brukar også tenester frå Vinje Vekst i langt større skala enn det er løyvd til.

Vinje helse:

Eininga har i dei seiste åra hatt høgare lønnskostnader enn det har vore rom for i budsjettet. Vidare er aktiviteten innan psykiatrisk sjukepleieteneste høgare enn statstilskotet.

Kultureininga:

Eininga har mykje midlar att frå 2008, men har halde seg til verksemdsplanen. Nokre prosjekt er utsatt, og det har vore vakansar i stillingar. Mykje av overskotet er såleis disponert i 2009.

Teknisk drift og vedlikehald:

Meirforbruket i 2008 skuldast manglande fullfinansiering av leige på COOP-bygget, samt ektrautgifter med vintervedlikehald på grunn av store snømengder. Elles er økonomien i eininga under kontroll.

Næringskontoret:


Ein stor del av budsjettet består av overføringar til private. Eininga har ikkje ytt så mykje stønad som budsjettet føreset, og sit difor att med mykje midlar.



SAMFUNN OG LIVSKVALITET

Syssetjing:

Arbeidsløysa er på veg oppover i Vinje som i resten av landet. Arbeidsløysa er registrert til 1,9 % den siste månaden i desember. I Vinje er storparten av dei arbeidsledige menn.




Syssettinga innan forretningsmessig tenesteyting, eigedomsdrift og offentleg/privat sektor er dei sektorane som aukar mest.

Tal på syssetting i Vinje (16-74 år)


	2003	2004	2005	2006	2007
Jord, skogbruk og fiske	150	145	141	146	130
Industri og bergverk	159	161	158	200	185
Kraft og vassforsyning	52	54	53	50	51
Bygg- og anleggsverksemd	275	284	281	285	298
Varehandel, hotell og restaurantverksemd	289	313	314	302	294
Transport og kommunikasjon	108	113	112	115	117
Finansiell tenesteyting	19	19	16	14	15
Forretningsmessig tenesteyting, eigedomsdrift	52	41	47	58	88
Offentleg og privat tenesteyting	788	791	800	811	823
Uoppgitt	10	9	17	19	11
TOTALT	1902	1930	1939	2000	2012


Folketalsutvikling

Det er ei auke i folketalet frå seiste året med 27 personar i flg statistikk frå SSB (1/1-2009).



Ein må tilbake til åra 1996 og 2001 for å finne fødselsoverskot i Vinje. Det er 6 fleire fødslar enn dødsfall.







Bustadbygging

Det er framleis høg byggjeaktivitet i Vinje ó og det er sett i gang 14 byggjearbeid av private bustader.

På Rauland har ein kartlagt nye område og sett i gang planlegging av nytt bustadfelt.



Livskvalitet

Å måle livskvalitet er vanskeleg, men SSB har fleire ulike måleindikatorar på livskvalitet.

Tal på ungar under 3 år som nyttar barnehagane i kommunen aukar for kvart år. Sjølv om barnetalet i Vinje har gått ned, så er det krav om at barn under 3 år tek 2 plassar. Nesten alle ungar i Vinje går i barnehage når dei har fylt 3 år.

Kommunen har særskild høg lege- og fysioterapidekning samanlikna med andre.

Det er gledeleg at gjennomsnittleg stønadslengde på sosialstønad har gått ned frå 5,6 mnd i 2006 til 4,3 mnd i 2008.

Netto driftsutgifter pr innbyggjar på kultursektoren har gått opp med nesten 700 kr frå 2007.

Nokre utvalde nykkjeltal frå SSB i 2008

	<i>Vinje</i>	<i>Telemark</i>	<i>Landet</i>
Tal på barn 1-5 år med barnehageplass	91,1 %	87,9 %	88,0 %
Tal på barn med barnehageplass 3-5 år	99,2 %	96,8 %	96,1 %
Tal på elevar i grunnskulen som får spesialundervisning	11,4 %	7,2 %	7,0 %
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	40,54	39,24	39,64
Gjennomsnittleg stønadslengde på sosialhjelp	4,3 mnd	4,4 mnd	4,1 mnd
Tal på plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar	100%	98,5 %	95,4 %
Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar	16,4	9,7	9,2
Fysioterapiårsverk pr 10 000 innbyggjarar	13,1	8,8	8,7
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar på kultursektoren	3793 kr	1727 kr	1554 kr



Snovinteren 2008 i Vinje

SERVICE

Vinje kommune ynskjer å vera ein kommune der god service er ein del av omdømmet. Til tross for tidlegare serviceprisar så har ein heile tida hatt eit fokus på å gje gode tenester. Verda endrar seg, og kommunen må endre seg i tråd med innbyggjarane sine ynskje.

Informasjon

Ein kommune bør strekkje seg langt i å ta i bruk ny teknologi for å informere – og koma i kontakt med innbyggjarar og andre som nyttar kommunens tenester. Ein forbetrar heile tida heimesida til Vinje kommune. Alle barnehagane har no eigne heimesider med jamleg oppdatert informasjon.

Blaamann blir gitt ut 4 gonger i året. Det er 250 hytteeigarar som ynskjer å få den tilsendt.

Gode tenester

Tenestene som ein kommune leverer er mange og varierte. Barnehage- og skuletilbod, helsetenester, eldreomsorg, renovasjon og kloakk, vegvedlikehald, mat til heimebuande, hjelp til næringsetablering og byggjeklare bustadtomter er berre døme på nokre av dei tenestene kommunen yter til innbyggjarane. Desse tenestene vil alltid vera i endring i tråd med nye behov, lovar og reglar og samfunnsutviklinga generelt.

Dei to seiste skuleåra har alle ungar i Vinje hatt gratis skulemat.

Det er mange og varierte tilbod til innbyggjarane på kultursida. Betalinga til kulturskulen er også svært låg.

Det er i året starta eit samarbeid med Sjukehuset Telemark om røntgenteneste i kommunen for at pasientane skal kunne stille ei diagnose på brotskader og anna, utan å måtte reise mange mil på dårlege vegar.

Det har vore bevilga pengar til tilskot til private husstandar og næringsverksemdar innan energiøkonomisering.

IKT


Eining for Organisasjon, Arkiv og IKT (OAI) er fagansvarleg for IKT. Vi er vertskommune for serverar for løns- og økonomisystemet Agresso for alle kommunane i Vest-Telemark. Når det gjeld sak- / arkivsystemet ePhorte og e-postsystemet Exchange, har Vinje drift av serverane til desse for Tokke og Kviteseid kommune. For å stette kravet til tryggleik, blei det bygd nytt serverrom på kommunehuset, som òg drifter heile den kommunale drifta. Det er òg installert UPS, som sikrar straumtilførsel til serverane ved straumbrot.

Frå juni 2008 starta døgnerberedskap innan IKT-tenesta. Omsorg- og legetenesta har berre elektroniske journalføring og er avhengig av eit IKT-system som er oppe og går til ei kvar tid.

Den elektronisk pasientjournal i helse- og omsorgstenesta er eit forprosjekt til det nasjonale prosjektet "Samspill" som Vinje er med i. Det er òg innført elektronisk medisinkardex på sjukeheimen. Faktureringsmodulen i fagprogrammet til omsorgssektoren er òg på plass i 2008.

GAT-soft er eit elektronisk personellstyringssystem for omsorgstenesta, med blant anna turnusplanlegging, dette vart innført hausten 2008. Frå dette tidspunkt har ein kunne køyrt løn via GAT over i økonomisystemet. Dette er eit stort lyft for sektoren – med større moglegheit for kontroll. Digitalt eigedomskart DEK var på plass våren 2008.

Skulane i Vinje har god tilgang til berbare og stasjonære PC-ar til elevane. Utvikling i bruka av dataverktøy er godt i gang i skulane – og nokre barnehagar held fram med opplæring av tilsette for å nytte dataverktøy for borna.



2008: 2,4 elevar pr. datamaskin – gjennomsnittet i landet er 3,5 elevar pr. datamaskin

Elektronisk arkivering

Arkivet må til ei kvar tid vera à jour i høve til få å postjournalar ut elektronisk til alle einingar og sakshandsamarar. Ein må syte for at alt arkivmateriale er forsvarleg oppbevart og handsama etter gjeldande lovverk.

Elektroniske skjema

Me har diverre enno ikkje innført elektroniske skjema anna enn for søknad til stilling. Det er von om at me i 2009 vil få elektroniske skjema for barnehagesøknad, byggsøknad mv.

Kommunen er med i eit prosjekt i Vest-Telemark for å få opp talet på elektroniske byggjesøknader. Prosjektet er planlagt avslutta i 2010.

Tenestetorget

gjer at vegen i det kommunale byråkratiet er blitt lettare for publikum. Sakshandsamarane skal vera generalistar som kan gjeva minst 60 % av alle som vender seg til kommunen den hjelpa dei treng. Vi ser likevel at dei har fått fleire oppgåver som krev spesialkompetanse, men som ligg på tenestetorget fordi det er meir publikumsvenleg

I tillegg er handsaming av blant anna husbankmidlar, overformynderiet og skjenke – og serveringsløyve lagt til denne eininga. Handsaming av energitilskota er òg blitt lagt til tenestetorget.

Tenestetorgsjefen er web-ansvarleg og har vore aktiv i utarbeidinga av den ny heimsida.

Mål for 2008

Måloppnåing 2008

Byggje opp nytt intranett	Dette er på plass
Innføre nasjonal tenestekatalog integrert med heimesida	Arbeidd mykje med i 2008, er på plass våren 2009
Bruke Norge.no som rettesnor for å få heimesida vurdert til 5 stjerner	Har ikkje nådd dette målet. Vi har eit samarbeid med kommunane i Vest-Telemark om felles utforming.
Få fleire til å levere byggjesak elektronisk	Prosjektgruppe i gang. Reknar med å vera ferdig april 2010
Etablere lovpålagt tilsyn av bygg	Dette blir ikkje innført før i 2010
Rullering av rusmiddelpolitisk plan	Skal vedtas i 2009
Registrering av bygningsrelaterte data inn i matrikelen når den erstattar GAB.	Dette arbeidet har godt bra. Framleis ein person som arbeider i delar av stillinga si med dette.
Vurdering og bruk av kartsystemet	Gjort mykje arbeid på dette i samarbeid med oppmålingsavdelinga. Reguleringsplanar er klargjorte og lagt inn i kartet.
Overta rekneskapen til overformynderiet og søknader om husbanklån	Detter er gjort



Vårflaum i Kvenna


MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJONEN

I 2001 vedtok kommunestyret ein del styringsprinsipp som ligg til grunn for organisering vår i flat struktur og for det praktisk arbeid i kommunen:

- Innbyggjarane er i sentrum for all kommunal verksemd.
- Tenesteproduksjonen for innbyggjarar og brukarar blir organisert i naturlege einingar, med vekt på å vera nær brukar/mottakar og å ha samanheng i tenestene – såkalla resultateiningar.
- Færrest mogleg ledd mellom toppleiing og utførande ledd/person – to nivå for ansvar og mynde.
- Verksemdstyring tufta på rammebudsjettering, målstyring, verdistyring og resultatkrav/måling.
- Sentralt plasserte felles støttefunksjonar og utviklingsoppgåver.
- All service og informasjon som ikkje naturleg blir dekt av dei andre einingane, blir samla på Tenestetorget.
- Mest mogleg effektiv bruk av IKT.
- Leiaravtale vert gjort mellom kommunestyret og rådmann og alle andre leiarnivå – der mål, forventningar og krav til resultat vert avklart.
- Leiarprofil tufta på teamleiing, deltaking, medverknad, kompetanseutvikling og resultatorientering.
- Størst mogleg fridom – i prosessen fram til måla – for einingar og medarbeidarar, med tilhøyrande ansvar for måloppnåing.

Tal på årsverk

Resultateining	Tal årsverk 2006	Tal årsverk 2007	Tal årsverk 2008	Endring frå 2007 til 2008
Rådmannen	2	2	2,00	0,00
Økonomi, plan og utvikling	10,2	13	11,10	-1,90
Organisasjon, arkiv og IKT	12,5	12,5	12,50	0,00
Tenestetorget	6,4	7,1	8,30	1,20
Edland skule	18	18,6	19,40	0,80
Rauland skule	21	21,4	23,30	1,90
Åmot skule	28	26,9	29,97	3,07
Vinje oppvekstsenter	9,65	9,1	10,70	1,60
Øyfjell oppvekstsenter	7,4	7,27	8,92	1,65
Edland barnehage	9,6	11,3	10,60	-0,70
Hakkespetta barnehage	13,5	12,1	14,10	2,00
Rauland barnehage	12,9	12,6	14,80	2,20
Vinje sjukeheim	49,5	51,5	52,50	1,00
Vinje heimetenester	74,5	71,12	74,20	3,08
Vinje helse	27,6	29,75	30,36	0,61
Kultur	9,3	11,3	10,93	-0,37
Teknisk drift og vedlikehald	28,42	29,4	31,30	1,90
Reinhald og tekstil	23,7	22,75	23,13	0,38
Vinje kjøkendrift	4,3	4,3	4,60	0,30
Vinje næringskontor	5,9	6,07	6,37	0,30
Sosial (NAV)	-	3	3,00	0,00
Totalt	374,37	383,06	402,08	19,02



Auke i årsverk


Det har vore ei stor auke i årsverk frå 2007 til 2008, og me er attende på det nivået me hadde i 2001. Frå 2001 har psykiatritenesta auka med 7,5 årsverk. Det har òg vore feilrapporteringar frå Vinje Helse for 2006 og 2007. Bemanninga har vore høgare enn rapportert. Dette er no retta opp i tabellen for 2006 og 2007. Elles har det vore ei auke innan både omsorgtenesta, skular og barnehagar.

Likestilling

Administrasjonsutvalet er likestillingsråd i kommunen. Det har ikkje vore handsama saker i dette året som har direkte tilknytning til tema likestilling. Barnehagane har starta arbeid med handlingsplan for likestilling i barnehagane.

I samband med lønsfastsetjing, og ved dei lokale lønsforhandlingar, har kommunen hatt likeløn mellom avdelingsingeniørane og avdelingssjukepleiarane som eit mål.

Det er for tida ca. 550 arbeidstakarar i Vinje kommune (inkl. vikarar), av disse er ca 80 % kvinner. Av kommunens administrative leiing (rådmannsteam og einingsleiarar) er det 12 kvinner og 9 menn.



Kjønnsfordeling administrativ leiing

Personalpolitikk

Støtteininga Organisasjon, arkiv og IKT (OAI) er fagansvarleg for overordna personalarbeid.

Trim og aktivitetskort

Det vart innført ny ordning for personaltrim. Ordning med trim i arbeidstida gjekk ut. No får alle som gjennomfører 45 min trim 2 gonger pr. veke eit gåvekort i premie. I tillegg er alle med på ein trekning av større gevinstar som dei tre sportsbutikkane i kommunen har sponsa.

Organisasjonsutvikling:

- Det vart halde kurs i den nye Offentleglova
- 40 timars kurs i HMS

HMS:

- Det har vore jobba med å vidareutvikle HMS systemet
- Fullført innføringa av stoffkartotek
- Avviklar faste møte med verneomboda

Vinje kommunale bedriftshelseteneste

Hovudmålet for arbeidet er å få ned sjukefråveret.

I heile 2008 vart HMS - rådgjevarstillinga ståande vakant. Mangelen på helsefagleg kompetanse vart kompensert med kjøp av tenester frå andre, m.a. frå attføringscenteret. Me har fast avtale med lege som tek helseundersøking av dei tilsette der dette er eit krav. Det gjeld fagarbeidarane i TDV, nattevakter, reinhaldarar og frivillig brannmannskap. Me leiger òg inn yrkeshygienikar ved trong.

Sommararbeid for ungdom

25 ungdommar mellom 16 - 18 år hadde kvar tre vekers sommarjobb på ulike stader i organisasjonen. I tillegg fekk 21 ungdommar sommararbeid i private bedrifter som fekk lønstilskott frå kommunen.

25-års jubilarar og pensjonistar

Kvart år inviterer kommunen alle 25-års jubilarane og alle årets pensjonistar til ein festmiddag. Jubilarane får gullklokke eller ein sjekk, medan alle pensjonistane i Vinje får ein akvarell.

Lærlingar



Det vart tilsett 5 nye lærlingar i fjor, to i barne- og ungdomsfaget og tre i helsefag. Vinje kommunen melde seg inn i OKOS, Opplæringskontoret for offentleg sektor. Dette er eit profesjonelt organ som ivaretek samordninga og oppfølginga av lærlingane.

Sjukefråver

Vinje kommune er ei IA-verksemd, der målet har vore å redusere sjukfråveret. Me ynskjer at alle tilsette skal trivast med arbeidet sitt og skånast mot fysiske og psykiske helseskadar slik at me får eit lågast mogleg sjukfråver. Kommunen har hatt tru på at tett dialog mellom leiar og sjukmeldte arbeidstakarar har vore eit viktig middel i dette arbeidet. Det vert jobba systematisk med sjukefråversproblematikken, og ein har m.a. ein formalisert dialog som tek til etter at sjukfråveret har vart i fire veker.

Sjukefråveret hadde ein nedgang i 2008, og ligg 0,2% under landsgjennomsnittet og 2% under gjennomsnittet for kommunal administrasjon.

I omsorgstenesta har sjukefråveret vore størst. Dette er store einingar som er som gjer at det totale sjukefråveret i kommunen aukar monaleg. For andre einingar er det mindre endringar.



Tillitsvalde

I Vinje er det tillitsvalde/kontaktpersonar i 15 ulike arbeidstakarorganisasjonar. Tre hovudtillitsvalde har frikjøp av tid: Fagforbundet 80%, Utdanningsforbundet 36%, og Norsk sjukepleiarforbund 4 t/v. Desse tre organisasjonane er dei største, og er difor dei organisasjonane som har representantar i dei fleste prosjektgrupper og utval.

Fagforbundet og Utdanningsforbundet har medlemmer i Administrasjonsutvalet og Hovudarbeidsmiljøutvalet. Hovudverneombod vert valt av Fagforbundet sine medlemmar.

Samrådsmøte

Om lag ein gong i månaden har rådmannen møte med hovudtillitsvalde. Her blir det teke opp ulike problemstillingar som vedkjem dei tilsette. Tema som blei drøfta i 2008 var m.a.

Personalpolitikk, Sjukefråvær, Info om gjennomgang av omsorgstenesta ("RO gjennomgang"), Kompetanseutviklingsmidlane MBT sko – ordninga fell vekk, Personaltrim, Diverse omkring ferieavviklinga, Streikeberedskap, Ordning med plasstillitsvald på kommunehuset, Talet på tillitsvalde, Arbeidstid Permisjonsreglementet, Lokale forhandlingar, Kompetansekartlegging, HA kurs og kurs i HTA, Avvikling av sommarturnus i pleie- og omsorg, Arbeidstakarar som har fleire deltidsstillingar, Prosedyre for lysing av ledige stillingar, Godtgjering for klede, Aktivitetskort, Tilsetjingsreglementet og Budsjett/økonomiplan.

PLAN OG UTVIKLING

Desse tenestene høyrer inn under støtteininga Økonomi, Plan og Utvikling. Eininga har, utover kommunens totale økonomiforvaltning, ansvar for den overordna- og detaljerte arealplanlegginga i kommunen, og skal vera ein motor i kommunens prosjekt- og utviklingsarbeid. Under dette høyrer kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og temaplanar.

Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kom- munar	Telemark	Landet
Netto driftsutgifter til plansakshandsaming pr. innbyggjar	614	202	148	137
Brutto driftsutg til fysisk tilrettelegging og planlegging pr. innb.	2.123	786	569	534
Saksgebyr for privat framlegg til reguleringsplan	8.810	10.864	15.579	19.168
Tal planar sende på høyring	12	6	7	7

Mål for 2008

Måloppnåing 2008

Starte rullering av arealdelen av kommuneplanen	Arbeidet er starta opp
Evaluere motorferdselordninga i Vinje	Grunna utsetjinga av vedtak av nytt regelverk, vart evalueringa utsett
Evaluere og starte opp arbeidet med kommunedelplanane Rukkemo Torvetjønn og Vågslid	Arbeidet er starta opp med planprogram for områda
Halde god framdrift i arbeidet med eigne reguleringsplanar	Regulering av gs-veg til Brubakk er ferdigstilt
Halde seg innanfor makstidene for saks-handsaming av planframlegg i plan- og bygningslova	Målsetjinga er nådd
Sjå på rutinane i høve til utbyggingsavtaler	Har starta å sjå på, men er ikkje i mål
Starte arbeidet med energi- og miljøplan	Arbeidet er i gang
Starta opp arbeidet med offisielle adresser	Arbeidet er i gang
Fullføre med interkommunal geologiplan saman med Tokke	Steinprøver er analysert hjå NGU for å få klarlagt potensiale både for næringsutvikling gjennom massetak og førekomstar som er høveleg for vegbygging m.m. Noko registreringsarbeid står att
Rullere trafikkisikringsplan	Målsetjinga er nådd
Kartlegge nye bustadfelt på Rauland	Er i gang med regulering på Krontveit, men arkeologiske funn vil kreve avklaring, og dette seinkar framdrifta
Starte tettstadutviklinga i Åmot	Arkitektkonkurranse er utlyst.
Breiare interne avklaringar før saker går politisk handsaming	Ein nyttar internt planforum til dette føremålet
Oppfølging av Fylkesdelplan Hardangervidda og Fylkesdelplan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.	Er i gang med arbeidet
Hjelpe til og følgje opp eksterne prosjekt	Kommunen har vore aktiv i høve til rullering av Nasjonal Transportplan

NÆRING

Næringskontoret

Næringskontoret har samarbeid med næringsorganisasjonane i Vinje. Utviklingsarbeid innan reiseliv, landbruk, andre næringar og handsaming av saker til formannskapet og plan- og miljøutvalet er hovudarbeidsområde. Ein forvaltar òg kommunale tilskot til landbruksføremål og den kommunale landbruksvikarordninga.

Anna viktig arbeid er tilsyn og vedlikehald av kommunens eigedom Berunuten, konsesjonshandsaming Møsvatn, fjellregionsamarbeid, samarbeid med Vest - Telemark Næringsutvikling, forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen, deltaking i Innovativ Fjellturisme, Naturbasert reiseliv rundt Hardangervidda nasjonalpark og deltaking i arbeid med fylkesdelplan Hardangervidda og Setesdal/Ryfylke.

Det er omsett 12 landbrukseigedomar i 2008. Nedgangen i geit-, sau- og storfehold dei siste åra ser ut til å flate ut. Nytt regelverk i 2008 auka ramma til landbrukstilskot. Det kan virke som det nye regelverket påverkar positivt til auka investeringar i landbruket.

Mål for 2008

Måloppnåing 2008

Fylgje opp arbeidet i Fjellregionsamarbeidet	Dette er gjort
Deltaking i Innovativ Fjellturisme	Delteke
Publisere ordningar innan SMIL-prosjektet	Dette er gjort
Deltaka i beiteprosjektet	Prosjektet er positiv motteke. Det blei løyvd midlar til beiteprosjektet i Vågslid av midlane. Prosjektet vil halde fram i 2009
Få på plass prosjektstilling som driftsplanleggar for Vest Telemark.	Driftsplanleggar av på plass i august. Det er nytta ein del tid på å gjera tilbodet kjent. Det er no sett i gang fleire driftsplanar – òg i samarbeid med Innovasjon Noreg.
Arbeid med å få til eit nærings- og landbrukssenter	Er avslutta. Forsøksringen har flytta inn i kontorfellesskap med Næringskontoret.
Utarbeid nye skog- og miljøplanar	Er ferdige, men kom seint ut til skogeigarane.
Halde kurs i jegerprøva	Det er halde kurs i alle tre sentra i kommunen
Full renovering av Fougnerhytta	Arbeidet er i gang. Elles blei ny hytte på Glaimane opna før påske
Arbeid med fylkesdelplan Hardangervidda	Arbeidet er godt i gang
Arbeid med forvaltningsplan Brattefjell-Vindeggen	Kommunestyre gjekk i mot planen. Ein skal gå nye rundar med DN om krav frå grunneigarar og politikarar.
Arbeid med fylkesdelplan Setesdal/Ryfylke	Lite arbeid med dette i 2008
Vidareføringa av forprosjekt "Kulturprosjekt Rauland" til eit hovudprosjekt	Blei ikkje gjennomført
"Naturbaserte opplevingar i og rundt Hardangervidda" i samarbeid med Tinn	Tilsett stipendiat med midlar frå Telemark fylkeskommune og HiL. Arbeidet med prosjektet Vidda Vinn har kome i gang
Arrangere reiselivsseminar	Gjennomført februar 2008 med 60 deltakarar
Deltaking i Fram – ung kultur i vekst – initiert av Innovasjon Noreg. Unge innan kulturturnering får eit opplegg med fagleg- og økonomisk oppfylgning.	Vinje kommune har vore ein av 3 pilotkommunar med 12 deltakarar.

SKULE

<i>Edland skule</i>	<i>Rauland skule</i>	<i>Åmot skule</i>	<i>Vinje oppvekst- senter</i>	<i>Øyfjell opp- vekstsenter</i>
-------------------------	--------------------------	-----------------------	-----------------------------------	-------------------------------------

Vinje har tre barne- og ungdomsskular, og to oppvekstsenter med barnehage og fyrste til og med sjette klasse.

Overordna mål for arbeidet i skulane

er å gje trivsel og tryggleik for alle i skulen, skape gode læringsvilkår og godt sosialt miljø for alle elevar. Skulen skal ha ein høg fagleg standard der både elevar og tilsette tek ansvar og samarbeider.

Satsingsområde:

- ✚ TPO – for einskildelevar og klasser
- ✚ Halde fokus på meistring som motivasjonsfaktor
- ✚ Dyrke lærelysta og halde på den gjennom heile skuletida
- ✚ Auke elevmedverknad
- ✚ Auke kompetansen i personalet i høve til faglege og pedagogiske utfordringar
- ✚ Arbeide med sosiale handlingsplanar
- ✚ Arbeide med klasseleiing
- ✚ IKT gjennom Classfronter og nye pedagogiske program
- ✚ Lese- og skriveopplæring og praktisk matematikk
- ✚ Entreprenørskap
- ✚ Organisasjonsutvikling
- ✚ Implementere planen for system for kvalitetsvurdering av verksemda etter opplæringslova.

Skulane har hatt noko ulike satsingsområde ut frå ulike behov.

Skulemat

Ordninga med skulemat fortsette i 2008. Prøveprosjektet med skulemat i regi av Utdanningsdirektoratet vart avslutta 1.8, og med dermed forsvann òg dei statlege midlane, men kommunen har valt å forsetje ordninga med egne midlar.

Vaksenopplæring

Alle vaksenopplæring i kommunen er lagt til Åmot skule. Her er det undervisning i norsk og samfunnsfag til alle elevar som har rett og plikt til å få dette.

I tillegg er det i 2008 gjeve tilbod om, og gjennomført norsk kurs for 8 vaksne innvandrarak frå EØS-land.



Alternativ undervisning

KOSTRA-tal: Utgifter grunnskule:

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Telemark</i>	<i>Landet</i>
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskule pr. elev	117 382	100 455	82 662	77 980
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskuleundervisning pr. elev	98 816	82 151	67 624	64 278
Lønsutgifter til grunnskule pr.elev	89 919	80 073	65 465	61 676
Elevar pr. årsverk	7,1	7,6	10,6	10,7
Elevar som får morsmålsopplæring i %	4,9	1,0	5,0	3,6
Elevar med spesialundervisning i %	11,4	9,8	7,2	7,0
Driftsutgifter til skuleskyss pr. elev som får skyss	5 029	4 799	7 197	6 140
Brutto driftsutgifter til SFO pr. kom brukar	22 539	21 895	25 266	22 889
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	40,54	39,62	39,24	39,64
Brutto driftsutgifter til grunnskuleoppl. for vaksne pr. deltakar	166 000	125 710	83 160	73 279
Driftsutgifter til inventar og utstyr pr elev i grunnskulen	1 541	807	1 008	723
Driftsutgifter til undervisningsmateriell pr elev i grunnskulen	4 277	2 459	2 061	1 787

Vinje brukar vesentleg meir pengar pr. skulebarn enn gjennomsnittet for fylket og landet. Dette skuldast fleire tilhøve, mellom anna at klassene er små på grunn av ein desentralisert skulestruktur.

Rauland skule fortsette i 2008 med eit prosjektet som jobba særskilt med arbeidsmiljøet for elevar og tilsette og med samhandling heim skule. Dette prosjektet vert det òg jobba med i 2009.

Vinje oppvekstsenter har gjennomført eit prosjekt som vart kalla "Heim - skule" i samarbeid med PPT og Sørlandets kompetansesenter. Dette prosjektet er avslutta.

Mål og måloppnåing for skulane i 2008

Mål for 2008

Måloppnåing 2008

Kommunal plan for språkutvik-
ling/leseopplæring

Leseplanen ferdig

Målark for norsk, matematikk og engelsk

Målet er nådd for enkelte av skulane.

Vinje kommune – årsmelding 2008

Auka elevmedverknad	Elevsamtalar gjennomførde
IKT gjennom Classfronter og nye pedagogiske program	Dette arbeidet fortset
Entreprenørskap i skule	Gjennomført
Den sosiale læreplanen	På plass
Gjennomføre leksehjelp	Iverksett
Dyrke lærelyst og kunne bli ein betre læringsarena	Delvis nådd, men er eit konstant arbeid og ein del punkt må jobbast vidare med
Biblioteket	Dette er det ikkje gjort noko med
Arbeid med å få eit godt planverk	Arbeidet i gang
Implentere planen for system for kvalitetsvurdering av verksemda og opplæringslova	Dette arbeidet held fram
Revidere planen for tilpassa opplæring TPO	Revisjonen gjennomført
Betre arbeidsplassar for tilsette	Ikkje nådd

BARNEHAGE

**Hakkespetta barne-
hage**

**Rauland barne-
hage**

**Edland barne-
hage**

**Vinje opp-
vekstsenter**

**Øyfjell opp-
vekstsenter**

Overordna mål for arbeidet i barnehagen:

Ein barnehage til beste for barn, føresette og personale. Det er STORT å vera liten i barnehagen.

Full barnehagedekking

Vinje har full barnehagedekking om ein ser kommunen under eitt, men det har vore for lite plassar i Åmot og Øyfjell.

Utbygging av nye barnehageplassar i Åmot starta i 2008 og vert fullført i 2009. Hakkespetta barnehage har i byggeperioden avdelingar både på Vinje oppvekstsenter og i klubbhuset i Brubakk.

Barn i Vinje har kortare opphaldstid i barnehagane enn i Telemark og i landet. Ein av årsakene er at me tilbyr halvdagsplass. Ein utilsikta konsekvens er at kommunen taper statstilskott på tilbodet.'

Heimeside

Fleire av barnehagane har fått opp egne heimesider som dei brukar flittig for å syne aktivitetane i barnehagen.

Satsingsområde



- Utbygging av barnehagen
- Entreprenørskap
- Sosial kompetanse
- Samarbeid barnehage ó skule
- Sunt og variert kosthald
- Språkleg kompetanse

Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. barn i barnehagen	153 682	125 942	157 688	127 056
Netto driftsutgifter i barnehagen i % av kommunens netto driftsutgifter	7,3	3,5	4,9	3,0
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. barn pr. korrigert opphaldstime	63	46	57	44
Netto driftsutg. til barnehagar pr innbyggjar 1 – 5 år	57 022	22 286	16 172	13 463
Andel barn 1-5 år med barnehageplass %	91,1	89,2	87,9	87,1
Andel barn 0-5 år med barnehageplass %	75,0	75,8	74,7	73,1
Fordeling av finansiering for kommunale plassar:				
Opphaldsbetaling i %	7,8	15,7	13,4	16,6
Statstilskott i %	34,6	50,5	38,8	52,0
Kommunale driftsmidlar i %	57,5	33,8	47,8	31,4

Brutto driftsutgifter pr. barn i barnehagane i Vinje ligg godt over både lands- og fylkesgjennomsnittet, og over utgiftsnivået i samanliknbare kommunar. Lågare kapasitetsutnytting i mindre einingar er ein del av forklaringa på kvifor utgiftene pr. barn er høgare i Vinje.

Fordeling av finansiering av kommunale plassar:



Barneha-
ga-
ne
har
sam-
ar-
beidd
om
ein
del

felles satsingar i kommunen.

Ny rammeplan for barnehagane har vore i fokus. Det er difor sett av midlar sentralt i budsjettet til opplæring. Vinje har vore deltakar i Vest-Telemark prosjektet "Den nye vaksenrolla" som har vore statleg finansiert. Entreprenørskap frå barnehagen til skulen er framleis eit satsingsområde.

HELSE OG OMSORG

Helse- og omsorgstenestene er eit samleomgrep på all kurativ og førebyggjande helseteneste, sosialteneste, heimeteneste, eldreomsorg, ansvar for funksjonshemma og kjøkendrift. Eit godt samarbeid mellom tenestene er naudsynt for å få til ei heilskapeleg tenestekjede.

Vinje helse

- Legetenesta
- Helsesystemtenesta
- Fysioterapi
- Psykiatri

Det er sett i gang eit samarbeid om røntgenteneste med Sjukehuset Telemark. Ein skal i løpet av 2009 lage avtaler og utarbeide anbudsgrunnlag for kjøp av utstyr.

Helsetenesta

Vinje brukar svært mykje pengar på kommunehelsetenesta målt pr. innbyggjar i høve til dei fleste andre kommunar. Ein høgare personellfaktor av fagfolk og ei desentralisert teneste gjer at kostnadane blir høge. Samstundes lyt ein ta omsyn til at sektoren er eit tenestetilbod til både turistar og bygdefolk.

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar	6 133	3 791	2 352	2 059
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar	3 749	2 514	1 669	1 517
Årsverk av komm. fysioterapeutar pr. 10 000 innbygg.	5,2	4,7	4,3	3,6
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar 0-5 år.	10 009	8 626	6 637	5 505
Helsestasjons- og skulehelseteneste				
Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar	14,2	11,2	8,6	7,7

Psykiatritenesta

Ein har halde fram med opptrappingsplan for psykisk helse ved å utvida helsesystemtenesta og stillinga som SLT- koordinator. Arbeidet med utforming og plassering av psykiatribustadene har teke mykje tid.

Mål for 2008

Måloppnåing 2008

Halde fram med kvalitetsprosedyrar i legetenesta	Det har vore gjort mykje arbeid med dette i 2008, men dette er eit kontinuerleg arbeid som held fram.
Slutføre samarbeidsavtale med spesialisttenesta	Det er ferdigstilte avtaler som skal underskrivast i 2009+
Utvikle bruken av fagprogrammet PROFIL i psykiatritenesta	Ikkje ferdig
Halde fram med planlegging av psykiatribustader	Skal opp til politisk handsaming i jan 2009
Opptrapping av psykiatriplan	Utvida med 70 % helsesystemstilling og til SLT- koordinator
Lag ein opplæringsplan i tråd med behov i eininga	Dette er ikkje gjort. Men det har likevel vore ein del tilsette som har tatt kurs og vidareutdanning i året.
Revidere styringsdokumentet for helse	Dette er ikkje gjort

Sosialteneste

Utbetalinger ligg under NAV-Vinje. Seiste året har utbetalinger til sosialhjelp gått ned.

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 20-66 år	1 929	1 164	1 590	1 366
Tal på innbyggjarar 20 – 66 år som har motteke økonomisk sosialhjelp, i %	5,1	4,4	4,4	
Årsverk i sosialtenesta pr. 1000 innbyggjar	0,82	0,81	0,94	0,99
Netto driftsutgifter til råd, rettleing og sosialt førebyggjande arbeid pr. innbyggjar, 20-66 år	1 420	913	671	797
Netto driftsutgifter til tilbod til pers. med rusproblem pr. innbyggjar, 20-66 år	37	66	413	269
Brutto driftsutgifter pr kommunal brukar, kr	68 189	56 281	71 699	75 474

Barnevernstenesta

Det interkommunale samarbeidet i Vest- Telemark har vore evaluert av Telemarksforsking, som definerer samarbeidet som ein suksess. Diverre har Kommunaldepartementet avslått vidare drift som IKS, og kommunane er no i gang med å etablere eit vertskommunesamarbeid med Kviteseid kommune.

Trass i at fleire barn fekk tiltak i 2008 enn i 2007, gjekk utgiftene ned. Dette er på grunn av avviking av eit svært kostnadskevjangende tiltak. 5 barn fekk oppfølging av miljøarbeidar lønna av BVS.

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Netto driftsutgifter til saman pr innbyggjar	1 126	1 378	1 154	1 145
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 0-17 år	5 076	6 126	5 300	4 888
Andel netto driftsutgifter til sakshandsaming %	44,7	35,1	32,9	34,2
Andel netto driftsutgifter til barn som bur i sin opprinnelege familie %	17,9	16,0	18,8	15,8
Andel netto driftsutgifter til barn som bur utanfor opphavlege familie %	37,5	48,9	48,4	50,0

Pleie- og omsorgstenesta

Saman med Tokke har ein starta eit prosjekt for elektronisk samhandling mellom Profil (omsorgsjournalar) og Prof-doc (legejournalar). På bakgrunn av dette fekk kommunen høve til å delta, som 1 av 20 kommunar, i eit landsomfattande prosjekt som gjeng på elektronisk kommunikasjon mellom sjukehus og kommunane.

Det vil i framtida bli store utfordringar innan pleie- og omsorgssektoren i kommunane. Det er langt færre enn tidlegare som søker seg utdanning, særleg innan helsefaget på vidaregåande.

Vinje sjukeheim

Sjukeheimen er sentralinstitusjon for heile Vinje med 41 plassar. Målet framover for sjukeheimen er å spisse sjukeheimsfunksjonane i tråd med vedteke styringsdokument og samhandlingsreforma som blir lagt fram i juni 2009.

Mål for 2008

Måloppnåing 2008

Tilsetjing av 50 % demenssjukepleiar	Demensteamet er i gang i samarbeid med heimetenestene
Frigjering fleire av korttidsplassane som er avsett til føremålet	Seiste halvåret har ein greidd dette. Men det er alltid avhengig av andre delar av tenesteapparatet
Utvikle samarbeidsavtale med helsetenesta om legetilsyn ved sjukeheimen, i tråd med forskrift: "Legetenester i sjukeheim".	Ikkje kome i gang. Ansvar er ligg hos helsetenesta
Planlegge og leggje til rette for framtidige lærlingar i helsefag.	Institusjonssjef har hatt ei koordineringsrolle. Det er 2 lærlingar i heimetenestene og ei på sjukeheimen.
Innføring av elektronisk pasientjournal	Dette er innført
Innføring av elektronisk medisinkardex	Er gjennomført
Delta i det nasjonale Samspill-prosjektet – som skal leggje til rette for meldingsutveksling mellom fagsystemet Profil, Profdok og Norsk Helsenett.	Dette arbeidet er i gang. Vinje er plukka ut som ein av 20 kommunar til å delta i prosjektet
Innføre turnusprogram i pleie- og omsorgssektoren	Dette er innført
Innføre faktureringsmodulen i Profil	Dette er innført
Koma i økonomisk balanse	Mykje innleid sjukepleiar natt frå vikarbyrå er delar av årsaka til underskot i drifta.
Halde fram med kompetanseutvikling	Mange deltek i ulike kurs og internopplæring i tema innan eldreomsorg

Vinje heimetenester

har ansvaret for all heimeteneste i Vinje kommune, med basar for heimeteneste i Vinje, på Edland og Rauland. Avdeling for funksjonshemma og dagsenteret ligg administrativt plassert i Åmot. Det er ein stor eining med mange komplekse tenester.

Mål for 2008

Måloppnåing 2008

Tilsette 50 % stilling innan demensorga	Demensteamet i gang i samarbeid med sjukeheimen
Få til ei heilskapleg teneste i eininga og nytte tilsette og kompetanse på tvers av avdelingane.	Det er gjort ein del arbeid rundt samarbeid mellom avdelingane, men potensialet er framleis stort
Leggje til rette for ei god og teneleg lærlingtid for helsearbeidarane	2 lærlingar starta opp på Rauland
Innføring av elektroniske journalar	Gjennomført i samarbeid med sjukeheimen
Oppretthalde og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø – og nytte kvarandres kompetanse,	Eininga har vore noko prega av at den har vore utan einingsleiar i lang tid, men arbeidsmiljøet er bra på dei ulike avdelingane
Jobbe med budsjettammer	Vore store tunge tiltak på omsorgssida. Eininga har difor eit stort underskot for året. Det har tidlegare vore lite fokus på budsjettkontroll og ressursbruk. Ein prøvar å rette opp dette i 2009.
9 % sjukefråvær	Mangel på leiar store delar av året har gjort at sjukfråværsoppfylginga kunne ha vore betre.

KOSTRA-tal for pleie- og omsorgstenesta

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Telemark</i>	<i>Landet</i>
Korrigert brutto driftsutgifter pr. mottakar av kommunale pleie- og omsorgstenester	389 617	314 243	314 226	299 177
Netto driftsutgifter til pleie- og omsorg i institusjonar pr. innbyggjar	7 465	7 888	5 304	5 192
Mottakarar av kjernetenester til heimebuande, pr. 1000 innbyggjarar 0-66 år	17	21	20	18
Mottakarar av kjernetenester til heimebuande, pr. 1000 innbyggjarar 67-79 år	105	109	79	81
Del innbyggjarar 80 år og over som bur på institusjon i %	14,0	16,7	11,2	13,9
Del sjukeheimplassar av totalt tal på institusjonsplassar i %	100	94,7	98,5	95,4

Vinje kjøkendrift

Kjøkkenet har nytta ein del av sin buffer til produksjon og transport av skulemat til skulane. Elles har ein levert heimebaka brød til Edland og Hakkespetta barnehagar. Kjøkkenet har stor etterspørsel etter tenester frå private som ynskjer mat levert til selskap og arrangement.

Mål for 2008

Måloppnåing 2008

Arbeide vidare med å gi brukarane på sjukeheimen og i heimetenesta høve til alternativ meny	Dette er gjennomført på sjukeheimen og så langt som mogleg til heimetenestene
Varm mat på kantina på helsesenteret og kommunehuset	Helsesenteret har no tilbod om varm mat. Kommunehuset får det same etter nyttår.
Produsere og levere "varm mat" til skular og barnehagar	Leverte til Edland skule, Vinje – og Øyfjell oppvekstsenter. Bakt brød til Edland og Hakkespetta barnehagar. Leverte varm mat til "fiskesprellprosjektet" i Hakkespetta.
Redusere støyplager frå maskiner og utstyr ved nyanskaffingar	Framleis støyplager, då ein ikkje har skifta ut maskiner. Men montert solavskjerming på alle vindaug i kjøkkenet.

TEKNISK DRIFT

Drift – og vedlikehald


Eining for Teknisk drift og vedlikehald (TDV) tek seg av drift og vedlikehald av kommunale anlegg, vegar, vass- og avløpsanlegg, renovasjon, badevakter og beredskap. Eininga har ein periode hatt redusert bemanning. Ein har ansvaret for mange prosjekt som samla sett utgjier 140 millionar (både nye og tidlegare i gangsette). Trongen for vedlikehald er stort då ein framleis slit med eit stort etterslep. Det har ikkje vore lett å skaffe fagfolk, særleg til utvendig vedlikehald av bygg.

Store snomengder vinter/vår 2008 førte til mykje snorydding av tak, som medførte store utgifter på budsjettet.

Beredskap

Kommunen har mange utrykningar i året på grunn av E 134 som gjeng gjennom kommunen.

På brannsida er det frå 2009 og over ein 3 års periode bevilga midlar til kjøp av nye brannbilar på Rauland og Edland.



Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Finansiell dekningsgrad vatn, pst.	48,1	88,9	84,5	93,2
Finansiell dekningsgrad avløp, pst.	76,7	91,1	93,9	91,4
Finansiell dekningsgrad avfall, pst.	100	98,6	99,9	98,4
Del av innbyggjarar som er knytte til kommunal vassforsyning, pst.	45,6	75,5	86,3	81,1
Del av innbyggjarar som er knytte til kommunal avløps-teneste, pst.	51,4	70,7	81,5	82,8
Årsgebyr 2008 (kr)				
Vatn	2 390	2 651	2 622	2 515
Avløp	3 080	2 542	3 609	2 923
Renovasjon	2 156	2 331	2 040	2 157

Samferdsel

Kommunale vegar sorterer under Teknisk drift, men trafikkplanar og høyringar ligg under Økonomi, plan og utvikling (ØPU).

Kommunen har eit omfattande vegnett, men brukar mindre pr. km. veg enn gjennomsnittet i fylket og i landet.

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Brutto driftsutgifter i kr pr km. kom. veg/gate	66 818	58 261	79 592	82 313
Kommunale vegar pr 1000 innbyggjar, km	22,9	23,1	10,7	8,9
Private vegar det blir gjeve kom. tilskot til %	17,3	7,4	12,0	5,1

Reinhald

Alt reinhald er organisert i eiga eining med arbeidstakarar som arbeider på alle kommunale anlegg. Kommunen har òg eige vaskeri på sjukeheimen.

1. august blei det tilsett ny reinhaldsleiar. Målsettinga har vore å få ned sjukefråværet til 7 %, men det har vore vanskeleg i fråvær av leiar.

Kart- og oppmåling

Denne tenesta ligg under eininga for Økonomi, plan og utvikling. Ein har måtta auke med ei stilling på grunn av etterslep og stor auke i byggemarknaden.

ENØK

Det har vore avsett ENØK-midlar som private husstandar og næringsdrivande kunne søkje på.

Til private har tenestetorget handsama søknader for 700 000 i 2008. Storparten av tilskota gjekk til varmepumpe (luft), deretter til reinbrennande vedomnar og vassboren varme.

Til næringsdrivande har det vore gjeve løyvingar til 11 bedrifter. Det var sett av 750 000. I tillegg hadde næringskontoret sett av midlar til bioenergitiltak. Samla blei det utbetalt ca kr 860 000, som vart handsama av næringskontoret.

Mål for 2008

Måloppnåing 2008

Ha planar for utbetring og vedlikehald	Sume vedlikehaldsplanar er no på plass
Gjennomføre dei mange prosjekt som er vedtekne av kommunestyret	Det er god styring og kontroll på prosjekta
Arbeide vidare med å styrke HMS arbeidet i TDV	Mykje av dette er på plass

KULTUR



Eining for Kultur vil drive arbeidet slik at publikum får dei tenestene som lovverket og politiske og administrative vedtak legg til rette for. Eininga skal medvirke til at relevante kulturaspekt får prege dei andre einingane sitt plan- og tiltaksarbeid gjennom nettverksbygging og samarbeid. Ein skal bygge på tradisjonskunnskap så vel som nytt kulturskapande arbeid.

Tenester og oppgåver i eining for kultur.

- Kulturskule
- Bibliotek
- Lokalhistorisk arkiv
- Ungdomsklubbar
- Flyktningsarbeid
- Tilrettelegging for lag
- Tilskipingar
- Kulturårshjulet
- Spelemidler/anleggsplan
- Kulturbasert næring
- Eldresenter
- Kultur generelt
- Kunstformidling

Bibliotek

Hovudbiblioteket ligg i Åmot, med filialar på Rauland og Edland. Arbeidet med å avvikle filialen Vinje/Bøgrend er i gang. Biblioteket har gjennomført datakurs for seniorar. Biblioteket i Åmot har hatt laurdagsope, og har då hatt tilbod om konsertar, foredrag og filmframsyning. Biblioteket vert drive etter nye lånemønster. Men utlånet går ned.



Kulturskulen

Det har vore 121 elevar i kulturskulen fordelt over heile kommunen. Fleire elevar har meir enn eitt tilbod. 133 plassar er i fast bruk gjennom året. Tilboda er hovudsakleg innan musikkfag, men ein har òg hatt dans, teater og revy på timeplanen.



Gitarkameratane frå Edland

Kulturhistorisk arkiv

Dette er plassert på Raulandsakademiet, her finn ein òg 108 privatarkiv. Arkivet er ope ein ettermiddag/kveld i veka.

Kulturstipend

Frå 2008 var vedtektene endra slik at det vart utdelt eitt stipend til ein som hadde utmerkt seg innan idrett, og eitt stipend til ein som hadde utmerkt seg gjennom kulturuttrykk. Stipendet er på kr. 25000.- og gjekk til Sindre Høgset og Aasne Vinjerui.

Kulturprisen

Kulturprisen for 2008 vart tildelt Tor Strømme

Flyktningar

I oktober hadde me stor feiring av 20 år med flyktningar i Vinje. Kommunen fekk Amnestypriisen for 2008.

Kulturkommune

Vinje vart utnemnt som Telemark fylkes kandidat til årets kulturkommune i 2009.

KOSTRA-tal


Vinje brukar meir på kultur og kulturtiltak enn andre kommunar i Telemark og gjennomsnittet i landet elles.

Mål og måloppnåing i 2008

<i>Mål for 2008</i>	<i>Måloppnåing 2008</i>
Markering av 20 år med flyktningar	Gjennomført stor feiring over tre dagar i Vinjehuset

Den kulturelle skulesekken. Vidareføre prosjektet	Fleire prosjekt i samarbeid med skule og barnehage er gjennomført. Det vert òg kjøpt produksjonar gjennom Telemark folkeakademi i tillegg til egne produksjonar
Ungdomsklubbar - felleskveldar	Felleskveldar ein gong pr. mnd.
Den kulturelle spaserstokken	Er i godt gjenge med fast opplegg på alle institusjonane ein gong pr. veke
Urbøuri og Myllarscena	Planane er lagt på is
Vinjehuset - vegen vidare	Mykje av prosjektet er gjennomført, men det står att ein god del. Galleriet fungerer ikkje slik planen var. Vestibylene er ikkje laga for å ha skulemat.
Fjell og temavandring i sommarhalvåret	Vart gjennomført som planlagt. Opplegget er basert på treårige samarbeidsavtaler med lag og organisasjonar i Vinje. Andre faste samarbeidspartar er Statens naturoppsyn og Telemark Turistforeining.
Eldresenter - aktivitetar	Me har tre senter på papiret. På Rauland fungerer det ikkje. Der er det no samlingsplass på Kaffibaren, Arkivet og Dyre Vaa-bygget. I Edland er det Nordheimstunet som fungerer bra. I Åmot er det ope to dagar i veka på Trevet.
Vidareutvikle tilbod til ungdom	Arbeidet er i gang

Storstilt gåve frå familien Lystrup til Vinje kommune



Tretten arbeid etter kunstnarpresten Sigmund Lystrup vart gjeve til kommunen. Den uvurderlege gáva har fått ein varig plass i vestibylene i Vinjehuset til glede for all som kjem innom.

Fuglane – materialbilete frå 1973 er eitt av dei 13 kunstverka.

VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD

Fellesrådet har stort sett oppnådd dei måla som var sett i planane for 2008 når det gjeld vedlikehald av bygg og anlegg. Ein har òg teke att ein del av etterslepet når det gjeld oppgåver som har stått att etter tidlegare år, kan nemne sikring av gravminne, gjerde og portar ved Vinje kyrkjegard, og ein del småvedlikehald.

Økonomisk sett har det gått rimeleg bra, dei tilsette skal ha æra for at vi kan oppretthalde ei godt tenestenivå, ut frå våre økonomiske rammer. Driftsrekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr. 37.391,- og investeringsrekneskapen fekk eit overskot på kr. 185.164,-.

Når det gjeld dei tilsette, så er sekretæren ved kyrkjekontoret ute i eitt års permisjon frå 1. august 2008, ein har tilsett vikar i stillinga. Dei har kome godt i gang med registrering av graver og oppjustering av gravkarta på dei ulike kyrkjegardane. Dette er eit stort og tidkrevjande arbeid. Ein har og arbeidet med opprydding og systematisering av arkiv.

Utvalde Kostra-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Netto driftsutgifter per innbyggjar	832	835	545	470
Netto driftsutgifter til kyrkjeformål i % av samla netto driftsutgifter	1,6	1,8	1,4	1,4
Deltaking i gudstenester sun- og heilagdag pr. innbyggjar	1,8	1,6	1,1	1,1
Medlem av Dnk i prosent av antall innbyggere Enhet : %	86	90,4	80,3	83,3
Konsertar og kulturarrangement pr. 1.000 innbyggjarar	3,3	2,9	1,8	1,8

Tabellen syner god aktivitet i kyrkjene i kommunen. Samstundes er overføringane til kyrkjeleg fellelsråd noko lågare enn i kommunar det er naturleg å samanlikne seg med.

Mål og måloppnåing

Mål for 2008

Måloppnåing 2008

Vinje kyrkje - nytt inngangsparti	Planlegging er i gang
Sikring av gravminne	Grunge, Vinje, Nesland og Øyfjell er heilt ferdige. Det står att nokre få på Rauland og Møsstrand
Vinje kyrkjegard – nytt gjerde og portar	Utført
Vinje kyrkjegard –utskifting av drenering	Utført
Grunge kyrkjegard – utviding	Ferdig våren 2009
Grunge kyrkje – tårnet	Ikkje utført pga manglande godkjenning frå Riksantikvaren